

Avtale

Mellom Meland kommune og eigar av gnr 10 bnr 85 og 157 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune skal bygge VA-anlegg frå Holme til Tveit. I same grøft på delar av strekket skal det også leggjast kablar for fiber og veglys. I samband med anlegget gjev underskrivne grunneigar Meland kommune rett til å leggja vassleiding, avlaupsleidning, fiber og kabel for veglys på eigedomen. Den aktuelle plasseringa av leidningane er synt på vedlagde forstørring av kart i målestokk 1:500. Sameleis får Meland kommune rett til tilkomst til leidningane og infrastruktur i anleggstida og tilkomst for seinare inspeksjon, ettersyn og vedlikehald.
2. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlge forholda bli gjenoppretta i den grad det er mogleg.
3. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedommen som følgje av kommunens anleggsarbeid skal erstattes ved minneleg overeinskomst, eventuelt ved skjønn. Skader ved fremtidige vedlikehaldsarbeid skal bli handtert på same måte.
4. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan medføre fare for leidningane og kablane utan nærare avtale med Meland kommune. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil infrastrukturen visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegga. Ein føreset at vass- og avlaupsleidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Kablar for veglys og fiber vert lagt med minst 40 cm overdekning.
5. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen vil kommunen kalle inn til felles synfaring med grunneigar.
6. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. 10 bnr. 85

Meland kommune

.....

.....

Org nr: 984 106 653

Orgnr: 951 549 770

